



Året vårt

Eit år har tolv månader og fire årstider. Nokre av månadene har 31 dagar, medan andre har 30 dagar. Februar er den kortaste månaden, med berre 28 dagar. Kvart fjerde år vert det lagt til ein ekstra dag i februar. Når det skjer, er det skotår. Dei tolv månadene kan ein dele inn i fire og plassere i ulike årstider. Vinter, vår, sommar og haust er namnet på årstidene. Året startar og sluttar med vinter, og derfor vert dei to første og den siste månaden kalla vintermånader. Mars, april og mai er vårmånader. Dei tre sommarmånadene er juni, juli og august, medan september, oktober og november kjem når det er haust.

Dyr og fuglar merkar også at årstidene endrar seg, og medan nokre dyr går i hi når det vert vinter, skiftar andre farge på pelsen sin for å kamuflere seg. Haren er eit av dyra som skiftar mellom sommarpels og vinterpels. Han er kvit om vinteren og brun om sommaren. Bjørnen og raud-reven er i dvale om vinteren, og ekorna brukar hausten til å hamstre nøtter slik at dei har mat når vinteren kjem. For nokre fuglar vert vinteren for kald her nord, og dei reiser derfor sørover til varmare land. Gauken flyg lengst, og oppheld seg i Afrika når det er vinter i Noreg. Han er tilbake i Noreg i mai, og for mange er gauken sitt velkjende «ko-ko» eit teikn på at det går mot sommar.

Naturen skiftar også farge i dei ulike årstidene. Medan vinteren er kvit og grå, er hausten fargerik. Våren kjem med lyse fargar ved at bjørka og andre tre får grønne blad, blommar startar å spire og det vert litt varmare i veret.

Mange likar å gå på ski om vinteren, og når det er skikkeleg kaldt og det har kome tjukk is på vatna, kan ein gå på skeiser. Andre likar betre å lage snømann eller snølykt, eller kanskje ta seg ein tur i akebakken. Når snøen smeltar om våren, når sola startar å varme, og når fuglane si kjende kvitring kan høyrast frå tretoppene, då er det mange barn som finn fram fotball, hoppetau og sykklar igjen.